

## Innstilling frå valkomiteen i Ulstein Næringsforum til Årsmøtet 2021

Valkomite:

Kjersti Kleven, leiar  
Verner Larsen  
Ellen Cathrin Kvalsund

«Instruks for valkomite i Ulstein Næringsforum» har ligge til grunn for komiteen sitt arbeid. Valkomiteen vart innkalla av styreleiar Steinar Sivertsen Kulen 22. januar 2021 for ei orientering om styret sitt arbeid og rammer for valkomiteen sitt arbeid. I tillegg har valkomiteen hatt to egne møter.

### Innstilling til styre

Dei styremedlemmene og vara som er på val, har vore kontakta. I desse samtalan har komiteen også fått generell tilbakemelding om styrearbeidet. I samtalan har vi fått inntrykk av eit godt fungerande styre med relevant kompetanse. Frist for forslag til styrekandidatar frå UNF sine medlemmer vart sett til 15. februar og informert om via e-post av UNF sin daglege leiar. Det kom inn forslag på fem kandidatar. Vi har vidare fått fleire forslag i samtalan med dagens styre.

Fire faste styremedlemmer og to vara er i år på val. To av dei faste medlemmene, inkludert styreleiar, har sagt frå seg attval. Ein sa seg villeg til attval med vilkår om eitt års periode. Valkomiteen har lagt vekt på tydelege tilbakemeldingar om viktigheita av god og balansert representasjon mellom industri og handel, satsing på reiseliv/servering og det å ha breidda av medlemmane representert i styret.

Styreleiar Styremedlem	Are Nørvåg Garshol	Mare Safety AS	2021 – 2022 2021 - 2023	Ny
Styremedlem	Helene Holstad	AMFI Ulsteinvik	2021 – 2023	Gjenval
Styremedlem	Stig Brautaset	SB1 Søre Sunnmøre	2020 – 2022	Ikkje på val
Styremedlem	Knut Erik Engh	Ulstein kommune	2020 – 2022	Ikkje på val
Styremedlem	Oddhild Sandanger	HRG Nordic	2020 – 2022	Ikkje på val
Styremedlem	Anita Muren	Maluns AS	2021 – 2023	Ny
Styremedlem	Jogeir Romestrand	Evotec AS / Rome AS	2021 – 2023	Ny
1.Varamedlem	Kathrine G. Ulstein	Ulsmo AS	2021 – 2023	Gjenval
2.Varamedlem	Arnt Ole Grimstad	Sunnmøre Folkehøgskule	2021 – 2023	Ny
3.Varamedlem	Hege Karete Hamre	Sparebanken Møre	2020 – 2022	Ikkje på val

Are Nørvåg Garshol er administrerande direktør i Mare Safety AS og har vore ein engasjert 2. vara til styret sidan oppstarten av UNF. Are er utdanna siviløkonom frå NHH og har mellom anna tidlegare erfaring frå Ulstein Group, Olav E Fiskerstrand AS og Grieg Logistics. Are er styreleiar i Arbiro AS. Han er elles ein engasjert kar for lokalmiljøet med frivillige verv i Ulsteinvik Skulekorps og Dimna IL.

Anita Muren eig og driv Maluns AS i lag med Stephan Frei. Ho har utdanning og erfaring frå restaurantdrift i Sveits, før ho etablerte Maluns i Ulsteinvik i 2017.

Jogeir Romestrand er ein aktiv gründer i Ulsteinvik. Han er medeigar og dagleg leiar både i Evotec AS og Rome AS samt styreleiar i Entec Group. Han har lang erfaring frå industrien i regionen, mellom anna som administrerande direktør i Odim i mange år.

Arnt Ole Grimstad er rektor ved Sunnmøre Folkehøgskule (SUFH ) og han har vore med å utvikle skulen til ein av dei mest attraktive folkehøgskulane i landet. SUFH har ei allsidig verksemd i skjeringspunktet mellom utdanning, kultur og friluftsliv, i tillegg til reiseliv og servering.

#### **Innstilling til revisjonsutval**

UNF har vald revisor. Jørn Jakobsen står på val, men er ikkje lenger valgbar fordi han no er del av UNF sitt rekneskapsbyrå Rekne AS.

Medlem	Steinar Nummedal	Ulstein kommune	2020 – 2022	Ikkje på val
Medlem	Antoni Knotten	Hasund AS	2021 – 2023	Ny

Ulsteinvik, 04.03.21

  
Kjersti Kleven

Leiar, for valkomiteen